


Informasjon om tenesta tryggleiksalarm



For heile kommunen	Tenestekontoret:	53 65 60 48
Ølen, Ølensvåg, Bjoa, Sandeid, Vikedal, Imsland	Indre Sone:	53 65 60 52
Skjold, Vats og Vikebygd	Ytre Sone:	53 65 59 27



VINDAFJORD KOMMUNE

TellU lot (tidligere Telenor) har våren 2020 inngått avtale med Vindafjord kommune og flere andre kommunar på Haugalandet om levering av tryggleik- og mestringsteknologi.



Vindafjord kommune vil no tilby ein «tryggleikspakke» med både digital tryggleiksalarm og røykvarslar.

UTSTYRET BLIR FORNYA for dei som allereie har tryggleiksalarm heime.

HEIMETENESTA koordinerer det praktiske arbeidet i samarbeid med tenestemottakar og pårørende.

ALARMENHETEN kalla «hub» treng berre ein vanlig stikkontakt. Hub'en har også reservebatteri og kan klare seg utan straumtilførsel i 48 timar. Apparatet brukar 4G mobilnett og må plasserast slik at både dekning og rekkevidde er god nok. Alarmen si rekkevidde er avgrensa.



ALARSENDAREN er smykket eller armbandet tenestemottakar må ha på seg til ei kvar tid. Ved å

trykke på utlørsarknappen får ein kontakt med responscenteret som kommuniserer via høgtalar på hub'en.



RØYKVARSLAREN vert kopla mot hub'en og sender automatisk signal til responscenteret dersom sensoren vert aktivert.

RESPONSSENTERET har allereie registrert naudsynt informasjon om tenestemottakar og vil ut i frå behovet ta kontakt med næraste pårørende eller aktuell teneste.




KOMMUNAL
RESPONSSENTERTJENESTE

ULIKE SENSORAR kan koplas til hub'en. I løpet av 2021 vert det lansert ein alarm som har rekkevidde utandørs. I dag kan me knytte til både e-lås, lokaliseringsteknologi (GPS), dørsensorar eller fallsensorar.

INDIVIDUELLE VURDERINGAR OG VEDTAK blir gjort av kommunen. Hjelp utover tryggleikspakken vert rekna som helsehjelp og vil ikkje gi ekstra kostnader for tenestemottakar.

PRIS for tryggleikspakken vert regulert i samråd med gjeldande lovverk og er å finne i taksthefte godkjent av kommunestyret. Vindafjord kommune har lik pris som dei andre kommunane på Haugalandet.



APPEN TRYGGI kan brukas av pårørende. Dei kan når som helst sjekke at tryggleiksalarmen og røykvarslaren er tilkopla. Pårørende blir òg varsla dersom det oppstår tilkoplingsfeil. Når alarmen blir utløyst er det alltid responscenteret som snakkar med brukaren av alarmen og vurderer tiltak samt informerer pårørende ved alvorlege hendingar.

Ynskjer de ta i bruk denne appen eller har andre spørsmål, ta kontakt med Tenestekontoret eller heimetenesta di!

Målet er tryggleik i heimen for både tenestemottakar, pårørende og hjelpeapparat.